

Endeleg! Vêrgudar og frivillige sørga for ein sårt etterlengta dag i Blomlia



Frå venstre: Lise Hafstad (14), Bertine Hauge Angedal (12) og Silje Hafstad (14). Foto: Ivar Bruvik Sætre

Av [Ivar Bruvik Sætre](#)

Publisert: 07. mars 2020, kl. 16:16

Idrettsglede, grillmat og godt føre under Førde Alpin sitt første renn i Blomlia for sesongen.

– Alle er venn med alle. Det er kjekt å konkurrere og finne på noko om vinteren, seier Silje Hafstad (14) frå Førde.

Vennskapsanda var til å ta på i Blomlia denne laurdagen, der rundt 40 unge frå heile idrettskrinsen konkurrerte i krinsmeisterskap i slalåm og storslalåm.

Den hittil snøfattige sesongen gjorde dagen ekstra etterlengta. Krinsmeisterskapen var første rennet i Blomlia denne sesongen.

Taleføre alpinistar

– Det har gått fint. Eg skulle ønske eg gav meir gass, men eg har ein omgang til, seier Bertine Hauge Angedal (12) som det fødte sportsintervjuobjektet etter å ha stått ein omgang storslalåm.



Ho har gjort det godt i både Bama Alpintfestival og Donald Duck Wintergames, som er å rekne for uoffisielle NM for dei yngste alpinistane.

Men det viktigaste er å ha det kjekt, meiner Hauge Angedal, og det såg ut til å vere mantraet denne laurdagsføremiddagen, i tillegg til å svare journalisten som nokre medievande, «gjennomsponta» toppidrettsutøvarar.

– Det gjekk ganske bra. Eg var litt sein i nokre portar, så eg kom litt ut av det. Men det var veldig fint føre, seier Lasse Hafstad (10), som har stått på ski sidan han var to år.



ETTER EIN OMGANG: Lasse Hafstad (10) frå Førde. Foto: Ivar Bruvik Sætre

I ein alder av ti år kan han skryte på seg å vere instruktør for Førde Alpint sin skiskule. Det er dei yngste, 5-6-åringane, Hafstad har ungar vengene, eller rettare sagt mellom beina, når han skal lære dei å ploge ned veslebakken for første gong.

– Dei unge får mykje tillit her, seier mor hans, som klarer å halde seg unna lensa.

Det er takka vere dei frivillige på skianlegget at Førde Alpint kunne halde renn, seier styreleiar Erik Solheim i alpingruppa. Dei har stått på og til og med trakka løype på nattetid for å gjere bakken klar.

– Blomlia er sjølv grunnlaget for alpinklubben, seier han og skryt av den frivillige innsatsen.

Heller dugnad enn å stå og fryse

I ei slags utandørs «burgarsjappe» står May Elin Strand, forelder til tre alpinistar og ivrig dugnadsarbeidar.

– Eg har tre aktive ungar i gruppa, og står ikkje på ski sjølv. Så i staden for å stå ute og fryse har eg tatt på meg kioskansvar. I tillegg gjer eg anna dugnadsarbeid og sit i styret i Sunnfjord skisenter, seier ho.



BURGAR-MAMMA: May Elin Strand er kioskansvarleg på skianlegget. Denne laurdagen serverte ho burgarar. Foto: Ivar Bruvik Sætre

– Nokon må bidra for at ein skal kunne drive skisenter, seier ho.

Styreleiar Solheim i Førde Alpint seier dei snøfattige vintrane har gjort rekrutteringa seigare dei siste par åra.

Tidlegare i vinter måtte dei avlyse eit renn på grunn av snøforholda, og den årlege skiskulen kom seinare i gang enn vanleg av same grunn.

Skiskulen har blitt komprimert til ei kortare periode, men med tettare økter, for å sørge for at den kan gå sin gang.

– Vi har strekt oss langt og folk har stilt opp som instruktører for å få det på plass, sidan dette er noko skiskuleelevane har gleda seg til, seier Solheim.

På søndag skal krinsen ha ei rekrutteringssamling, i håp om å få med seg nye.



FRÅ FØRDE ALPINT: Øvst frå venstre:: André Strand, Kristine Strand, Martine Vik, Silje Hafstad, Julie Torvund, Olianna Knapstad. Nest øvst frå venstre: Timian Hafstad, Lise Hafstad, Bertine Hauge Angedal, Tuva Nedrebø, Hanne Strand, Nora Indrebø, Sivert Solheim, Olai Vik, Lucas Reed, Framfst frå venstre: Reidar Angedal, Truls Angedal, Lasse Hafstad og Jonas Knapstad. Foto: Ivar Bruvik Sætre



STYRELEIAR: Erik Solheim, styreleiar i Førde Alpint. Foto: Ivar Bruvik Sætre



I AKSJON: Lasse Hafstad i aksjon under storslalåm. Foto: Ivar Bruvik Sætre



EIN GRILLENS MANN: Rune Øksenberg møtte som frivillig for å steike burgarar. Han spurte kvar enkelt om dei ville ha ost på, og dei gongane folk svarte ja, braut han ut ting som «Nydeleg!» og «Fantastisk». Han må vere glad i ost. Foto: Ivar Bruvik Sætre



PÅ VEG OPP: Skitrekket. Foto: Ivar Bruvik Sætre



BURGER-GUT: André Strand (11) frå Førde. Foto: Ivar Bruvik Sætre